



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Finansdepartementet

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2015/1736	9515/2015	232	SVK/ SOH	09.09.2015

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - EIGEDOMSSKATT PÅ
PRODUKSJONSUTSTYR I VERK OG BRUK - HØYRING**

Vi melder med dette frå at formannskapet den 08.09.2015, hadde føre ovannemnde som sak PS 140/15, der det vart gjort slikt vedtak:

Volda kommune støttar ikkje Finansdepartementet sitt forslag om endringar i eigedomsskattelova og bed om at forslaget vert lagt vekk.

Sakutgreiinga følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik
konsulent

Kopi til:
Jarle B. Krumsvik - sakshandsamar

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Jarle B. Krumsvik

Arkivsak nr.: 2015/1736

Arkivkode: 232

Utvaksaksnr

Utval

Møtedato

140/15

Formannskapet

08.09.2015

EIGEDOMSSKATT PÅ PRODUKSJONSUTSTYR I VERK OG BRUK - HØYRING

Handsaming (sju røysteføre):

Sakshandsamar, Jørgen Vestgarden, vart til stades under handsaminga av saka.

Roald Espset kom med slikt framlegg på vegne av FrP og Høgre:

Eigedomsskatt på produksjonsutstyr i verk og bruk - Høyring

Volda formannskap viser til Finansdepartementet sitt framlagde forslag til endring av eigedomsskattelova, slik det ikkje skal vere høve til å skattlegge produksjonsutstyr og produksjonsinstallasjonar i verk og bruk.

Formannskapet ser det som ei sær s viktig kommunal oppgåve å bidra til å betre rammevilkåra for næringslivet, og den endringa som Finansdepartementet her gjer forslag om vil vere eit betydeleg bidrag til dette.

Volda formannskap støttar difor Finansdepartementet sitt forslag om endringar i eigedomsskattelova.

Røysting:

Det vart røysta alternativt mellom framlegget frå FrP og Høgre og tilrådinga frå administrasjonen. Framlegget frå FrP og Høgre fekk tre røyster (Roald Espset, Dan Bjørneset og Arild Iversen) og fall. Tilrådinga frå administrasjonen fekk fire røyster og vart vedteken.

Vedtak i formannskapet - 08.09.2015:

Volda kommune støttar ikkje Finansdepartementet sitt forslag om endringar i eigedomsskattelova og bed om at forslaget vert lagt vekk.

Administrasjonen si tilråding:

Volda kommune støttar ikkje Finansdepartementet sitt forslag om endringar i eigedomsskattelova og bed om at forslaget vert lagt vekk.

Vedleggsliste:

Høyringsnotat frå Finansdepartementet
Høyringsuttale frå KS

Samandrag av saka:

Finansdepartementet har sett fram eit forslag til endringar i eigedomsskattelova. Endringane vil medføre at grunnlaget for eigedomsskatt vert monaleg redusert, og kommunane vil tape på endringane. Saksutgreiinga bygg i det vesentlegaste på KS si høyringsuttale, og eg vil tilrå at endringane ikkje vert fremja.

Saksopplysningar:

Finansdepartementet sendte den 18062015 ut eit høyringsnotat der dei foreslår å endre eigedomsskatteloven slik at det ikkje skal vere høve til å skattlegge produksjonsutstyr og produksjonsinstallasjonar i verk og bruk.

Dette kan gjerast etter to alternativ:

1. Her vert det foreslått å endre eigedomsskattelova (esk) §4,2.ledd,4.pkt. om at produksjonsutstyr berre er skattepliktig når det utgjer "ein part av sjølve føretaket" vert erstatta med ein regel om at "produksjonsutstyr og -installasjonar skal ikkje reknast med". Omgrepet produksjonsutstyr er i notatet gjeven ein vid definisjon, og i tillegg har ein innført eit nytt omgrep: produksjonsinstallasjonar. Departementet meiner ein må skilja mellom installasjonar som tenar produksjonen skal fritakast, medan installasjonar som tener bygget skal kunne skattleggast. Slik Dep. definerer omgrepet, vil det føre til at bl a petrokjemiske anlegg, teleanlegg, overføringsliner for kraft ol. vert fritaken for eigedomsskatt. Dette vil gå særleg ut over kommunar med petrokjemiske anlegg.
2. Her meiner departementet at når produksjonsutstyr ikkje lenger kan skattleggast, fell trongen til å ha særreglar for verk og bruk bort. Departementet vil fjerne verk og bruk som lovomgrep og som utskrivingsalternativ. Etter gjeldande rett skal verk og bruk verdsettast til substansverdien. Det vil sei dagens kostnad med å oppføre anlegget, med frådrag for slit, elde og utidsmessigheit. Bakgrunnen for denne metoden er at verk og bruk i hovudsak er spesialiserte anlegg der ein ikkje har marknadsreferansar og difor vanskeleg å fastsette ein omsetnadsverdi. Departementet meiner at bygningsmassen i industrianlegg skal verdsettast etter leige verdien slik andre forretningsbygg vert verdsette.

Fjernar ein omgrepet verk og bruk, vil dette vidare medføre at kommunane ikkje lenger kan skattlegge berre verk og bruk – slik mange gjer i dag.

Eg vil i det fylgjande gå gjennom og kommentere nokre av departementet si grunngevingar for endringane.

Departementet meiner at verk og bruk vert skatta hardare enn andre forretningseigedomar fordi og produksjonsutstyr vert skatta. Dei meiner dette er eit avvik frå prinsippet om at skatt berre kan utskrivast på fast eigedom.

Dette er for så vidt eit poeng, men på den andre sida kan ein sei at reglane om produksjonsutstyr berre er ein presisering av kva som skal vere med i omgrepet fast eigedom når det gjeld industrianlegg i eigedomsskattelova si forstand i motsetnad til lausøyre som ikkje skal med i grunnlaget. I rettspraksis er det fastsett at det må vera fysisk og økonomisk integrasjon mellom maskiner og bygningar, og dette vert praktisert. Det vil ofte vera produksjonsutstyret som har verdi, og tek ein bort dette frå skattegrunnlaget vil det kunne oppstå stor forskjellshandsaming mellom verk og næringseigedom i motsett høve.

Ein kan og risikere at ein ny takseringsmetode for verk og bruk vil medføre høgare skatt. Går ein frå substansverdi til leigeverdi i området tek ein ikkje omsyn til alder og standard.

Vidare hevdar Departementet at dagens reglar om verk og bruk er tvisteskapande og er lite forutsigbare for industrien.

Dette er neppe rett. Reglane har utvikla seg og vorte presisert og praktisert gjennom 150 år. Sidan 1999 har ein hatt 3 Høgsterettsdommar og 3 lagmannsrettsdomar omkring temaet, og forvaltinga praktiserer reglane på ein sikker og god måte. I Volda har vi til dømes berre hatt ein (liten) diskusjon med ei bedrift om dette. Å innføre nye reglar vil skape meir usikkerheit og skape tvistar.

Forslaget vil vidare føre til at skattegrunnlaget vert overført frå kommunane til Staten. Då eigedomsskatten kjem til frådrag i grunnlaget for selskapsskatten, vil 27% av inntektstapet for kommunane gå til Staten i form av auka selskapsskatt.

Det er og grunn til å tru at dei kommunane som får vesentleg reduksjon i eigedomsskatten på grunn av dette forslaget, vil prøve å kompensere dette ved å auke satsane der dette er mogleg. Næringslivet sin ev. skattelette vil då kunne veltast over på private.

Departementet nemner at kommunane sitt inntektstap skal kompenseras, men seier ikkje noko om korleis. Dette er det grunn til å vere skeptisk til. Det har vel enno ikkje hendt at kommunane sitt inntektstap eller pålegg om nye oppgåver har blitt fullfinansiert.

Økonomiske konsekvensar:

KS har berekna at skattetapet for Kommunenorge vil utgjere om lag 1,7 mrd kr.

For Volda kommune vil tapet utgjere kr. 788.483,-. Dette gjeld for skatteåret 2015 der satsen er 2 promille.

Rune Sjurgard
rådmann

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Utskrift av vedtaket:

Finansdepartementet
KS

